

Til
Idrettskrinsstyret
Særkrinsar/regionar i Sogn og Fjordane
Idrettsråd i Sogn og Fjordane
Idrettslag i Sogn og Fjordane

09.08.2019

Innkalling til ekstraordinært idrettskrinsting Sogn og Fjordane idrettskrins og konstituerande idrettskrinsting Vestland idrettskrins/idrettskrets.

Styret i Sogn og Fjordane Idrettskrins kallar med dette inn til ekstraordinært idrettskrinsting laurdag 9. november på Myrkdalen Hotel kl. 11.00 – 12.30. Det ekstraordinære tinget skal handsame forslag om samanslutning med Hordaland idrettskrets med verknad frå 01.01.2020, samt handsame vedtak som gjer samanslutninga mogleg.

Interimstyret for etableringa av Vestland idrettskrets/idrettskrins kallar med dette inn til konstituerande krinsting laurdag 9. november på Myrkdalen Hotel kl. 14.00-17.00.

Fullstendig sakliste med saksdokument vert sendt elektronisk til organisasjonsledda 9. oktober 2019, samt lagt ut på heimesidene til [Sogn og Fjordane Idrettskrins](#) og Hordaland idrettskrets.

Representasjon

Tingforsamlinga i det ekstraordinære idrettskrinstinget består av representantar frå idrettslag, idrettsråd og særiddrettar (særkrins/region) der idrettsråd og særiddrettar har likt tal representantar. I tillegg kjem idrettskrinsstyret.

Sogn og Fjordane idrettskrins gjennomfører sitt ekstraordinære idrettskrinsting same stad og tid som Hordaland idrettskrets sitt ekstraordinære idrettskretsting. Tingforsamlinga i det konstituerende idrettskrinstinget består av tingforsamlingane i Hordaland idrettskrets og Sogn og Fjordane idrettskrins samla.

Representantane må vere valde på årsmøte/ting eller oppnemnt av styret etter fullmakt.

[Representasjon er i samsvar med Sogn og Fjordane Idrettskrins si lov § 13.](#)

Fordelingsnøkkel er vedlagt.

Det vert presisert at det må takast hensyn til kjønnsfordeling ved val av representantar, jf. NIFs lov § 2-4 som bl.a. seier:

§ 2-4 Kjønnsfordeling

(1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komit  mv. og ved representasjon til  rsm te/ting, skal begge kj nn vere representert. Samansetnaden skal vere forholdsmessig i forhold til kj nnsfordelinga i medlemsmassen, dog slik at det ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal veljast/oppnemnast minst to personar fr  kvart kj nn. Bestemminga gjeld ogs  der det veljast meir enn eitt varamedlem.

Elles vert det synt til NIFs lov § 2-5 Generelle reglar om stemmerett, valgarheit, forslagsrett mv. Sj  idrettsforbundet sine nettsider under [Juss - NIFs regelverk](#).

Pris

Det er fastsett f lgjande deltakaravgift som representantane (org.ledda) sj lve m  dekke:

Dagpakke laurdag inkl. lunsj, ikkje buande	kr. 300,- pr. person
Overnatting i enkeltrom Myrkdalen Hotel m/fullpensjon (middag fredag kl. 20.00, frukost og lunsj laurdag).	kr. 1500,- pr. person

P melding

P melding skjer elektronisk via f lgjande lenke:

[Trykk her for p melding](#)

P meldingsfrist: onsdag 25. september.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane idrettskrins

Interimstyret for etablering av
Vestland Idrettskrins/Idrettskrets

Nils R Sandal (s.) Bodil Ryste (s.)
Leiar Fung. Org.sjef.

Nils R Sandal (s.)
Leiar

Vedlegg: Representantfordeling

Kopi: Norges Idrettsforbund

IDRETTSKRINSTINGET 2019 REPRESENTANTFORDELING SÆRKRINSAR

45 representantar frå særkrinsar / regionar og bedriftsidretten med grunnlag i talet på klubbar.

Særidrettar som er organisert i regionar eller særkrinsar må ha minst 5 klubbar i Sogn og Fjordane for å ha representasjonsrett. Representantane må kome frå idrettslag i Sogn og Fjordane.

Det kan møte opp til 5 representantar frå den enkelte særkrins.

Fordeling:

1. Grunnlag : 2 representantar
2. Minst 50 klubbar : 3 tilleggsrepresentantar
3. 30 - 49 klubbar : 2 tilleggsrepresentantar
4. Rest : Fordelast etter tal klubbar med 1 representant til kvar, så langt talet rekk.

Ved likt tal medlemsklubbar, vert hovudlaga sitt samla medlemstal pr. 01.01 året før idrettskrinstinget lagt til grunn for tildeling av dei siste representantane.

Representantar for særkrinsar, idrettsråd og klubbar må vere valt på årsmøte/ting eller oppnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet og gitt melding til idrettskrinsen seinast ei veke før tinget.

SÆRKRINS/REGION:	TAL LAG	GRUNNLAG	TILLEGG	SUM
	31.12.18			
Fotballkretsen	67	2	3	5
Friidrettskrinsen	64	2	3	5
Skikrinsen	47	2	2	4
Handball Region Vest	29	2	1	3
Skyttarkrinsen	25	2		2
Volleyballkrinsen	18	2		2
Gymnastikk og Turnkrinsen	15	2		2
Sykkel Region Vest	12	2		2
Ryttarkrinsen	12	2		2
Symjekrinsen	11	2		2
Orienteringskrinsen	11	2		2
Skiskyttarkrinsen	9	2		2
Bandykrinsen	8	2		2
Motorsport Region Vest	7	2		2
Vektløftarregionen	7	2		2
Bedriftsidrettskrinsen	7	2		2
Bogeskyttarregion Vest	5	2		2
Styrkeløft Region Vest	5	2		2
Sum Særkrinsar/regionar		36	9	45

Idrettsråd neste side.

IDRETTSKRINSTINGET 2019 REPRESENTANTFORDELING IDRETTSRÅD OG IDRETTSLAG

45 representantar frå idrettsråda med grunnlag i tal medlemmer.

Fordeling:

1. Kwart idrettsråd 2 repr.
2. Idrettsråd med over 4000 medl. 3 repr. i tillegg.
3. Idrettsråd med over 3500 medl. 2 repr. i tillegg.
4. Rest vert fordelt ut frå talet på medlemmer, med 1 tilleggsrepresentant så langt det samla talet på representantar rekk.

IDRETTSRÅD	TAL MEDL. 2018	GRUNNLAG	TILLEGG	SUM
Sogndal	4472	2	3	5
Førde	4281	2	3	5
Gloppen	3977	2	2	4
Flora	3682	2	2	4
Stryn	3395	2	1	3
Eid	2735	2		2
Årdal	2197	2		2
Luster	2050	2		2
Vågsøy	2000	2		2
Høyanger	1922	2		2
Fjaler	1430	2		2
Bremanger	1212	2		2
Gulen	1052	2		2
Selje	1045	2		2
Askvoll	951	2		2
Lærdal	930	2		2
Vik	788	2		2
Naustdal	1313	0		0
Gaular	1059	0		0
Leikanger	914	0		0
Jølster	890	0		0
Balestrand	566	0		0
Aurland	407	0		0
Hyllestad	399	0		0
Solund	310	0		0
Hornindal	295	0		0
Sum	44272	34	11	45

IDRETTSLAG	1 representant frå kvart idrettslag
-------------------	-------------------------------------